



Referat

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Torsdag 5. mars 2026

Tidspunkt: kl. 11.00, digitalt møte.

Styremedlemmer:

Anne Holstad
Andrzej Flemming
Camilla Storøy
Arnulf Goksøyr
Anne Marte Beitveit
Oskar Grimstad
George Fulford

Frå administrasjonen møte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset.

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S6/26

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjente innkallinga og saklista

SAK S7/26

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjente referatet frå sist styremøte

SAK S8/25

Økonomisk status og framdrift årsoppgjer 2025

Tilråding til vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Styrehandsaming: Det var orientert om førebels årsresultat på førre styremøte. Det har vore få endringar etter dette, samt lite avvik på dei ulike postane i rekneskapen etter tidlegare gjennomgangar og orienteringar. Styret valde derfor å godkjenne årsrekneskapen som er ferdig revidert. Eigarmelding blir framlagt for godkjenning på neste styremøte.

Vedtak: Styret godkjende årsrekneskapen med notar. Rekneskapen blir sendt representantskapet for handsaming i mai.

SAK S9/25

Utkast eigarmelding 2025

Tilråding til vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Styrehandsaming: Av ulike grunnar var eigarmeldinga ikkje klar til presentasjon på dette styremøtet. Den vil bli sendt ut for tilbakemeldingar før neste styremøte.

Vedtak: Handsaming av eigarmelding blir gjort på det komande styremøtet i midten av april.

SAK S10/26**Papp ved sida av dunken, endring i ordning.****Tilråding til vedtak:**

Administrasjonen tilrår at SSR framover avsluttar henting av ekstra papp ved dunken, som eit kostnadssparande tiltak. Bonusen er betre kvalitet på pappen og meir materialgjenvinning. Innbyggjarane vil framleis kunne levere alt dei vil av papp kostnadsfritt på miljøstasjonane.

Styrehandsaming: Etter ein del diskusjon i styremøtet, vart det vedteke å utsette saka. Administrasjonen blei oppmoda til å informere meir først, for å sjå om det kan føre til at folk ikkje set ut pappkasser som risikerer å bli våte,

Vedtak: Styret utsette saka om eventuell endring i ordninga med papp ved sidan av dunken.

SAK S11/26**Styreevaluering**

Innleiing og gjennomføring v/ styreleiar George Fulford. Sjå vedlegg for evalueringsskjema.

Tilråding til vedtak:**Styrehandsaming:****Vedtak:**

Sakliste – orienteringssaker:

Sak 12/26 Orienteringar

- Agenda på eigarmøte 13. april.
- Sjukefråvêr 2025
- Organisasjon

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

George Fulford
styreleiar